



Pårørrende eller andre kan hjelpe Dykk med å fylle ut søknaden.

Etternamn, fornamn:		Fødd:	Tlf :
Adresse:		Poststad:	
Evt. opphaldsadr. og poststad:			Tlf:
Næraste påørrende:	Slektskap:	Tlf:	

### Kva kommunale tenester søker De?

(Sett kryss ved den/dei tenestene De ynskjer)

<input type="checkbox"/>	Sjukeheim, langtidsplass	<input type="checkbox"/>	Heimesjukepleie	<input type="checkbox"/>	Dagtilbod psykiatri
<input type="checkbox"/>	Sjukeheim, korttids/rehab.plass	<input type="checkbox"/>	Heimehjelp	<input type="checkbox"/>	Hjelpemiddel
<input type="checkbox"/>	Avlasting i institusjon	<input type="checkbox"/>	Middagsombringning	<input type="checkbox"/>	Støttekontakt Treningskontakt
<input type="checkbox"/>	Avlasting for funksjonshemma	<input type="checkbox"/>	Tryggleiksalarm	<input type="checkbox"/>	Omsorgsløn
<input type="checkbox"/>	Omsorgsbustad	<input type="checkbox"/>	Psykiatritenester	<input type="checkbox"/>	Dagtilbod eldre
<input type="checkbox"/>	Anna bustad	<input type="checkbox"/>	Anna		

### Kvifor ynskjer De desse tenestene?

Skriv kort kva vanskar og/eller lidingar De har. Kva hjelp har De i dag? Kvifor er tiltaka viktige for Dykk? Kva vil De oppnå?

--

### Merknad

Informasjon som De meiner er viktig, men som ikkje er spurd om. Dersom søker ikkje skriv under sjølv, grunngjev kvifor.

--

### Underskrift

Eg har sett meg inn i orienteringa vedk. saksgang og Iplos på side 2 og er innforstått med at kommunen vil gjere ei tverrfagleg saksutgreiing. Eg samtykkjer difor i at opplysningar frå fagpersonar som kan ha relevans for saka kan bli nytta i ei tverrfagleg vurdering av søknaden. Eg gir også samtykke til at kommunen hentar inn opplysningar om inntektstilhøva mine frå likningskontor og trygdekontor.

Stad og dato:	Underskrift:
---------------	--------------

# ORIENTERING TIL SØKJAREN

Oppheld søkjaren seg på anna adresse enn heimstadsadressa si, skal opphaldsadressa skrivast her. Når søkjaren fører opp pårørande, veit sakshandsamar kven han kan vende seg til dersom det er trong for det.

Kryss av for dei tenestene De søkjer om. Dersom De har andre ynskjer før det på ”merknad” felt 4.

Grunngjev kvifor De ynskjer denne/desse tenesta/ne. Skriv på eige ark dersom det ikkje er nok plass her.

- Kva vanskar har De?
- Korleis løyser De desse vanskanene i dag?
- Kva hjelp motteke De frå familie eller andre?
- Kva ventar De å oppnå dersom De får tildelt tiltaket/a?

De har plikt til å gi rette opplysningar slik at tenestetilbodet kan bli så godt tilpassa Dykkar behov som mogleg.

## SAKSGANG OG INFORMASJON VEDK. IPLOS

Sjukepleiar, ergoterapeut og/eller fysioterapeut vil ta kontakt for å avtale heimebesøk. Dei vil rådføre seg med Dykk og stille spørsmål om kva hjelp De treng, helsetilstanden Dykkar, kor praktisk bustaden er og korleis De trivst. Dei vil også orientere Dykk om dei kommunale tenestene og hjelpetiltaka. I heimebesøket kan De ta med andre personar etter eige ynskje. Etter heimebesøket vert det utarbeidd ei fagleg vurdering med ei tilråding som vert gjeve til Tiltaksteamet.

IPLOS-forskrifta vart iverksett 01.03.2006. Forskrifta krev at kommunane dokumenterer og sender inn til Sosial og helsedirektoratet opplysningar om pleie og omsorgstenestene.

IPLOS-registeret kan utan samtykke frå den opplysninga gjeld, innehalde opplysningar om personar som har søkt, mottek og har motteke sosial- og helsetenester i den grad det er naudsynt i høve IPLOS-registeret.

Denne forskrifta etablerer eit landsomfattande pseudonymt register for individbasert pleie- og omsorgsstatistikk (IPLOS). Forskrifta gjev pålegg for innsamling og handsaming, utlevering og lagring av opplysningar i registeret.

Pleie- og omsorgstenester: omfattar i denne forskrifta dei tenestene som vert ytt med heimel i sosialtenestelova § 4-3, jf. § 4-2 bokstav a-e, og heimesjukepleie, inklusive psykisk helseteneste, sjukeheim eller buform med heildøgns omsorg og pleie, samt habilitering og rehabilitering i og utanfor institusjon, jf. kommunehelsetenestelova § 1-3; Kommunen pliktar, utan hinder av teieplikta, å sende inn til IPLOS-registeret opplysningar om kvar einskild søkjar/tenestemottakar som gjer det mogleg å registrere opplysningar om det som er nemnt.

Søknaden Dykkar og den faglege vurderinga vert handsama i Tiltaksteamet. Når det vert fatta vedtak vil De få skriftleg melding om dette.

Tiltaksteamet er samansett av: Kommunelege, kommunalsjef for helse og sosial, avdelingsleiar for open omsorg i Høyanger, avdelingsleiar for Høyanger sjukeheim og avdelingsleiar for fysikalsk medisin og rehabilitering.

Adressa til Tiltaksteamet:

Høyanger kommune  
Tenestemråde Helse og sosial  
v/ Tiltaksteamet  
Postboks 159  
6991 HØYANGER  
Tlf.: 57 71 16 25 Faks: 57 71 16 01